



Også barnehagar vitjar skulemuseet. Her er det barnehagebarn frå Husnes som hoppar strikk. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kulturminnedagen dette året, som blir avvikla om ettermiddagen søndag 9. september, blir spesiell for dei som vore elevar ved den tidlegare Haugland skule i Uskedalen (nedlagt i 1965). Dei er rundt 70 i talet og samtlige blir i desse dagar skriftleg invitert til å delta i arrangementet.**

Det skal gå føre seg ved forsamlingslokalet Vonheim og skulen, som no er kommunalt skulemuseum. Ei slik samling har ikkje funne stad før når ein unntar opninga av museet for nokre få år sidan. Dit var alle i krinsen invitert.

- Dei fleste skal nå ha fått invitasjon, men det kan henda at vi har gløymt nokon og vi ber om at dei meldar frå. Vi har og invitert dei som starta på nyskulen i Uskedalen like etter nedleggjinga av Haugland, seier kultursjef Kristian Bringedal til uskedalen.no. Også ektemake, barn og barnebarn er velkomne til samlinga, understrekar han.

Tema for Kulturminnedagen dette året er "Forsamlingshus – til glede og besvær". I vår kommune vil ein særleg sette fokus på ungdomshus, bedehus, forsamlingshus/grendahus og eldre skulehus og det er grunnen til at ein - ikkje unaturleg - satsar på Haugland/Vonheim. Styret for Vonheim og arbeidsutvalet for skulemuseet er tilskipar saman med Kulturkontoret.



Vonheim er det vandrante huset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det vert lagt opp til ymse program, mellom anna samling i den gamle skulestova og leikar på skuleplassen. Inntekta frå matsalet skal uavkorta gå til drifta av forsamlingshuset Vonheim som framleis har ein viktig funksjon i Musland/Haugland.

Dei inviterte, tidlegare elevane er tre kategoriar: Dei som har flytta frå Haugland/Musland og ut av bygda, dei som har flytta ned i Uskedalen og dei som framleis bur i krinsen.

Kulturminnedagen er en del av European Heritage Days, som her i landet har vore markert sidan 1993. Gjennom ulike arrangement skal ein denne dagen visa fram kulturskattar som historiske munument, verneverdige

bygningar og gjenstandar, bygningsmiljø og kulturlandskap. Målet er å skapa auka forståing og interesse for kulturminne og kulturmiljø. Sentralt i markeringa av forsamlingshusa dette året vil vera samhald, dugnad og identitet – i alvor, bøn, fest og glede.



Haugland skule stutt tid etter at skulen vart sett opp. Då var det ikkje mykje vegetasjon rundt den. (Biletet heng i skulemuseet).

Og dei to husa som kjem til å stå i sentrum har i høgste grad vore prega av alt dette. Haugland skule vart bygt i 1893, for Haugland og Musland krins. – Det var ein god skule og den låg på ein fredfylt stad, sa ei gruppe tidlegare elevar til Uskedalsposten for halvtanna år sidan. Dei mintes ikkje minst den nest siste og høgt respekterte læraren, Andreas A. Haugland. Han kom i 1923 og var der til Sigurd Haugland avløyste han som den siste læraren på Haugland skule.

- Streng men rettferdig, var karakteristikken frå elevane om Andreas.

Haugland skulemuseum blir vitja både av barnehagar, skuleklassar og turistgrupper og det må seiast at museet får ein stadig viktigare funksjon når det gjeld å gje unge og eldre eit historisk perspektiv over og auka kunnskapar om norsk skulehistorie og samfunnsliv.

Ved Grunnskulejubileet i 1989 vart det gjort ein innsats for å sikre skulen og i samband med Kulturminnedagen i 2002 vart det teke eit nytt løft med opprustning av skulehuset, uthuset og skuleplassen. Ikkje minst Røysterett for alle gjorde då ein stor innsats.

Når det gjeld forsamlingslokalet Vonheim er det eit gjenbrukshus! Det har hatt fire stoppestader: Det som var ein stall ved landbruksskulen i Omvikdalen vart til skule og deretter forsamlingshus (med namnet Helgheim) i Uskedalen sentrum for så å ende som forsamlingshus oppe i dalen - med namnet Vonheim. Denne uvanlege og mangslungne historia byrja i 1842 og vil nok ikkje slutte på mange år enno.

Vonheim har framleis ein funksjon i lokalsamfunnet og blir teke godt vare på.

Av Ola Matti Mathisen



Vonheim har framleis ein funksjon i lokalsamfunnet. Dette biletet vart teke under den siste juletefesten. (Foto: Ola Matti Mathisen)